

REGLEMENT FOR UMLEIGE AV SPINNERIET VEDTEKE 16.12.2015. KOMMUNESTYRET - 087/15

1. Rom i Spinneriet kan leigast ut til alle lovlege føremål.
2. Faste avtalar om leige kan gjerast for inntil 1 år om gongen i perioden 20. august til 20. juni. Leige kan ikkje avtalast lengre fram i tid enn gjeldande periode.
3. Faste avtalar om leige, må vika for ekstraordinære arrangement.
4. Kundesenteret har fullmakt til å gje avtale om utleige, føre register over utleige og leverer ut nøklar til leigetakar v/ansvarleg person over 18 år. Nøklane skal leverast attende til Kundesenteret første kvardag etter bruk.
5. Ved spørsmål kring servering av alkohol, vert det vist til alkohollova samt gjeldande alkoholpolitisk plan. Kundesenteret har orienteringsskriv.
6. Skader eller øydeleggingar på bygning, inventar eller utstyr under leigebruk skal straks meldast til Kundesenteret. Leigar kan måtta erstatta skaden.
7. Leigetakar pliktar å setja seg inn i og retta seg etter gjeldande ordensreglar og politivedtekter (<https://www.hjelmeland.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId1=846&Filld=1140>)

LEIGEPRISAR SPINNERIET pr rom /dag (døgn)				
Rom	Antall personar	Frivillige Lag/org.	Ikkje-kommersielle/ private arrangement	Kommersielle føretak
Sal 1. etg*	inntil ca 75 pers	kr 0	kr 2 000	kr 2 500
Sal 2. etg*	inntil ca 55 pers	kr 0	kr 2 000	kr 2 500
Kafé + kjøkken	inntil ca 35 pers	kr 0	kr 1 200	kr 1 500
Vaktmeisterteneste	kan tingast for kr 350,- /time			

* inkluderar **ikkje** bruk av kjøkken

DEFINISJONAR – LEIGETAKARAR

1) Alle lokale ideelle lag/organisasjonar (innanfor Hjelmeland kommune) - 0% leige: Eks:	
Alle lag for barn og unge opp til 18 år	Interkommunale selskap
Idrettslag	Eldrelag
Skyttarlag	Musikklag /songlag
Misjonslag	Bygdekvinnelag
Ungdomslag	Lokale politiske lag /lag av same karakter
Helselag	Fagorganisasjonar knytte til kommunen si drift
Kunstlag	Rettsaker, forliksråd m.v.
2) Ikkje-kommersielle aktørar:	
Nærings- og interesseorganisasjonar for eigennyttige formål, t.d. bondelag, bransjeforeiningar, fagorganisasjonar m.v.	Lag/organisasjonar som ikkje kjem inn under pkt 1
Fylkes- og nasjonale frivillige organisasjonar	
Private arrangement	

3) Kommersielle aktørar:	
Næringsdrivande / firmaarrangement	Messer / Salsutstillingar *

*) Leige utgjer 10% av omsetjinga (minimum utleigeprisar som ovanfor)

- Norsk Frukt & Laksefest skal ikkje betale leige for Spinneriet.
- Det kan verta kravt etterbetaling ved manglande rydding og klargjering. Leigekontrakt skal fyllast ut.
- Leiga ein betaler for Spinneriet inkluderer alltid reingjering. Det er likevel ein føresetnad at leigetakar ryddar, fjernar boss og klargjer etter seg i tråd med ordensreglane.
- Privatpersonar som ynskjer å leige Spinneriet til salsutstillingar, eller messer skal betale leige som kommersiell leigetakar.

SAL AV MATVARER FRÅ KJØKKENET I SPINNERIET.

Privatpersonar, eller andre som ynskjer å selje mat på *kommersielt grunnlag* skal betale leige av kjøkken etter gjeldande takstar.

ORDENSREGLAR OG BRANNINSTRUKS FOR SPINNERIET

ORDENSREGLAR

- Leigetakar må sikra at rømmingsvegane er frie – både før, under og etter bruk av lokala.
- Leigetakar skal sjå til at inventar og utstyr står i same orden som då lokala vart tekne i bruk.
- Bordplater m.v. skal reingjerast etter bruk.
- Brukt kjøkkenutstyr skal reingjerast. Vask av koppar, tallerkar m.v. skjer i oppvaskmaskin. Det er ikkje lov å ta med seg utstyr frå bygget.
- Avfall og søppel skal sorterast og leggjast i bossdunk utanfor bygget.
- **Termostat for innetemperatur må ikkje stillast på!**
Temperatur-auke kan ein oppnå via ventilasjonssystemet:
 1. *etg*: Timer-knapp (3 timer) ved utgang/nødutgang mot aust (skilta).
 2. *etg*: Av/På-bryter ved utgang/nødutgang mot aust (skilta).
- Miljøet i Spinneriet skal vera røykfritt.
- Attgløynde gjenstandar, som ikkje vert henta innan ein månad, kan bli kasta.
- Spinneriet må ikkje nyttast som lager.
- Skader eller øydeleggingar på bygning, inventar eller utstyr under leigebruk skal straks meldast til Kundesenteret.

BRANNINSTRUKS

- Ansvarleg person er den som disponerer nøkkel til bygget. Denne skal gje dette tilkjenne før arrangementet tek til.
- Brann vert varsla ved støyttvis ringing/brannalarm.
- Ring 110 for å melda frå til brannvesen
- Kan du avgrensa skade på menneske eller materiell, så gjer det. Hugs at liv og helse alltid har 1. prioritet.
- Lukk vindu og dører og forlat bygget umiddelbart.
- Møt opp på gardsplassen framfor bygget og meld deg for brannvernsleiar eller den som har ansvar for oppteljing.

PRIS FOR UMLEIGE INKL. GUIDING I SPINNERIET.

Grupper som ynskjer eit kort besøk med guide (inntil 2 timar) kan bestille dette.

Guide er: Jan Ommundsen tlf 51750560

Pris for slik guiding: kr 1 000,-

Kulturseksjonen